

FORUM KINO - FJØSANGERVEIEN 28, GNR./BNR. 162/26 I BERGEN KOMMUNE - TINGLYSING AV VEDTAK OM FREDNING

*Med hjemmel i lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminneloven) § 15, jf. § 22, fattet
Riksantikvaren den 17.01. 2017 vedtak om fredning av Forum kino – Fjøsangerveien 28, gnr./bnr.
162/26 i Bergen kommune*

VEDTAK:

*Med heimel i lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminnelova) § 15 jf. § 22,
fredar Riksantikvaren Forum kino, Fjøsangerveien 28, gnr./bnr. 162/ 26 i Bergen kommune.*

Omfanget av fredinga

Fredinga omfattar følgjande bygning:



- *kino med bibliotekstilbygg, bygningsnr. 139798171 (Askeladden-ID119613-1)*

Fredinga omfattar bygningens konstruksjon, eksteriør og delar av interiøret. (jf. planteikninga nedanfor): billetthallen, vestbylen inkludert øvre del av trappene til underetasjen, korridorane mellom vestbylen og kinosalen, kinosalen og utgangsromma frå bakre del av kinosalen.

I eksteriøret og dei freda interiøra inkluderer fredinga hovudelement som planløysing, materialbruk og overflatehandsaming og detaljer som vindauge, dører, portar og listverk og fast inventar som lysarmaturar og skilt.

Fredinga omfattar også følgjande større laust inventar:

- *Fire opphavlege benkar frå vestbylen som lagrast i bygningen*
- *To opphavlege bronseurner på steinsokkel i vestbylen*



Øvst: Fredingskart for Forum kino, utarbeida av Riksantikvaren.

Nedst: Planteikning av Forum kino, skraverte felt viser omfanget av interiørfredinga, utarbeida av Riksantikvaren

Formålet med fredinga

Formålet med fredinga er å bevare Forum kino som eit arkitektonisk og kulturhistorisk viktig eksempel på ein kinobygning frå 1930- og 40-åra og som eit arkitektonisk verdifullt eksempel på art deco-prega monumentalarkitektur.

Fredinga skal ivareta og sikre bygningen. Både hovudstrukturen og detaljeringa i eksteriøret, så som fasadeløysing med dekor, opphavlege/eldre vindauge og dører, materialbruk og overflater, skal oppretthaldast.

Fredinga av bygningens interiør skal sikre konstruksjonen, rominndeling, bygningsdelar og overflater i dei delane av interiøret som er kulturhistorisk interessante. Fast og spesifisert laust inventar skal bevarast som ein integrert del av interiøret

Fredingsføresegner

Fredingsføreseggnene er utforma i samsvar med formålet med fredinga og gjeld i tillegg til føreseggnene i kulturminnelova om vedtaksfreda kulturminne frå nyare tid.

1. *Det er ikkje tillate å skade, rive eller flytte bygningen eller delar av den.*
2. *Det er ikkje tillate å byggje om eksteriøret eller dei freda delane av interiøret til bygningen.*
3. *Det er ikkje tillate å skifte ut bygningselement eller materialar, endre overflater eller gjere anna arbeid ut over vanleg vedlikehald på eksteriøret eller dei freda delane av interiøret til bygningen.*
4. *Alt vedlikehald og all istandsetting skal skje med materialar og metodar som er i tråd med eigenarten til bygningen og på ein måte som ikkje reduserer dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane.*
5. *Tilbakeføring til opphavleg eller tidlegare utsjånad og/eller konstruksjonar kan tillatast i særlege tilfelle så framtidet kan gjerast på eit sikkert dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå kulturminnestyresmaktene.*
6. *På baksida mot gardsrommet kan det tillatast tilbygg, føresett at det ikkje vert høgare enn taket over kinosalen. I særlege tilfelle og etter dispensasjon frå kulturminnestyresmaktene kan det i inn- og utgangsromma og i sidegangane til kinosalen, samt i eksteriøret mot Jonas Lies vei, gjerast ombyggingar, så framtidet ikke bryt med karakteren og heilsakspinntrykket til arkitekturen.*
7. *I kinosalen kan element som er naudsynte for bruk til teaterframvisningar og liknande (t.d. utvida scenegolv og proscenieopning) tillatast, så framtidet er reversible og tilpassa opplevinga av interiøret og etter dispensasjon frå kulturminnestyresmaktene.*
8. *Laust inventar som inngår i fredinga, jf. spesifikasjonen ovanfor, må ikkje skadast eller fjernast frå bygningen.*